



Arne Hindenes sitt bu v/ Ove Hindenes
Hindenesvegen 801
5993 OSTEREIDET

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1393 - 18/18188

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

07.06.2018

Førebels svar på søknad om utsleppsløyve - gbnr 20/2, 3, 5 og 6 Hindenes indre

Tiltak: Nytt utslepp
Byggjestad: Gbnr: 20/2, 3, 5 og 6

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om utsleppsløyve 27.04.2018. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

Det er i søknaden oppgitt at Arne Hindenes sitt bu ved Ove Hindenes er ansvarleg søkjar, medan Reidar Hindenes har signert som ansvarleg eigar. Den som signerer som eigar av anlegget har ikkje heimel til eigedomen. Det må dokumenterast ved fullmakt at Reidar Hindenes kan signera som ansvarleg eigar frå alle eigarane av eigedomen.

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Varsel må sendast til gbnr 20/4 (Roger Kleiven) og 20/8 (Steve Aalvik). Det er ikkje nødvendig å varsla eigedomar som har gitt erklæring i saka.

Det er i søknaden ikkje oppgitt type reinseanlegg, men vi forstår at det skal etablerast slamavskiljar før utsleppet vert ført til eksisterande utsleppsleidning der 5 eigedomar (gbnr 20/8, 20/10, 20/11, 20/12 og 20/20) er tilknytt i dag. Vi ber om at det vert oppgitt kva djupne utsleppsleidningen ligg på i dag og om det er brukarinteresser i området som kan bli råka av utsleppet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.07.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------

Mottakarar:

Arne Hindenes sitt bu v/ Ove	Hindenesvegen	5993	OSTEREIDET
Hindenes	801		
Reidar Hindenes	Hindenesvegen	5993	OSTEREIDET
	701 A		